



**ETISKE RETNINGSLINER
FOR
FOLKEVALDE OG TILSETTE
I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

Gjeldande

Vedtatt

Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Sykkylven kommune

Dei etiske retningslinjene for folkevalde og tilsette skal medverke til at alle kan utføre verva sine og arbeidsoppgåvene sine på ein etisk forsvarleg og god måte.

Alt arbeid vi gjer skal vere for fellesskapet sitt beste i tråd med lover, reglar, kommunen sine og mål, og politiske vedtak.

1. God forvaltningsskikk

Folkevalde og tilsette i Sykkylven kommune skal opptre profesjonelt og i samsvar med god forvaltningsskikk. Som forvaltarar av samfunnet sine fellesmidlar vert det stilt høge krav til den enkelte medarbeidar si etiske haldning og integritet.

Kommunens folkevalde og tilsette skal unngå å kome i situasjonar som kan medføre konflikt mellom kommunen sine interesser og personlege interesser. Vi skal ikkje handtere eller legge til rette for handsaming av saker som gjeld nære slektningar, venner eller personar i nære relasjon. Krav til å unngå slike situasjonar kan også gjelde tilfelle som ikkje vert omfatta av habilitetsreglane i forvaltningslova. Vi har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere eigen habilitet før vi handsamar ei sak eller treff ei avgjerd. Ved tvil skal ein ta det opp med næraste leiar.

2. Ærleg, open og lojal framferd

Sykkylven kommune legg stor vekt på ærleg og open framferd i all si verksemd. Dette skapar grunnlag for tillit mellom folkevalde, tilsette og innbyggjarar.

Alle pliktar å møte kollegaene sine på ein inkluderande og respektfull måte. Sykkylven kommune tek avstand frå alle former for krenking, diskriminering, mobbing og trakassering, og forventar at alle folkevalde og tilsette har same haldning.

3. Lojalitet, ytringsfriheit

Tilsette pliktar å opptre i samsvar med kommunen sine interesser, og arbeidsgjevar skal så langt som mogleg ivareta dei tilsette sine interesser.

Tilsette i Sykkylven kommune pliktar å følgje lover og reglar, og etiske retningslinjer som gjeld for kommunen. Pålegg frå leiar skal etterlevast. Denne lojalitetsplikta skal settast til side dersom eit pålegg frå ein leiar er ulovleg eller uetisk. Det skal vere stor takhøgde for å diskutere og kome med synspunkt før avgjersler blir tatt. Når avgjersler er tatt, skal

ein i samsvar med lojalitetsplikta sikre at vedtaket blir effektivt raskt og effektivt innanfor dei rammer som er gitt.

Ytringsfriheit er ein grunnleggande menneskerett. Tilsette i kommunen har den same retten til ytringsfriheit som andre borgarar, og kan delta i samfunnsdebatt og uttale seg på eigne vegne.

Lojalitet er ein grunnleggande verdi. Både folkevalde og tilsette kan oppleve at lojalitetsplikta kan sette grenser for, eller kome i konflikt med ytringsfriheita. Dette gjeld ytringar som kan vere til skade for kommunen og/eller kommunen sine interesser. Det skal generelt stillast høgare lojalitetskrav til leiarar enn til andre tilsette i organisasjonen. Den lovpålagte teieplikta set grensene for kva ein kan uttale seg om til media eller andre. Den som uttalar seg i ei sak, pliktar å opplyse om at dette er personlege meningar og ikkje eit uttrykk for kommunen si haldning/ mening.

4. Gåver og andre fordelar

Folkevalde og tilsette i kommunen pliktar å unngå personlege fordelar som kan påverke, eller vere eigna til å påverke handlingar, saksførebuingar eller vedtak.

Gåver, som til dømes blomer, konfekt og liknande, til ein verdi inntil kr. 500,- kan likevel takast i mot. Mottek du fleire slike gåver pr. år skal dette drøftast med nærmaste leiar jf. 4. avsnitt.

Gåver omfattar ikkje berre materielle gjenstandar, men også andre fordelar, til døme i form av personlege rabattar ved kjøp av varer og tenester, reiser, hotellopphald, servering eller andre fordelar som kan påverke dei i vervet/ arbeidet sitt. Gåver frå part i sak som er til behandling skal aldri akseptast.

Ved tilbod om gåver o.l. som har eit omfang som går ut over gåver nemnt over, skal nærmaste overordna kontaktast. Mottatte gåver skal returnerast til avsendar saman med eit brev som gjer greie for kommunen sine reglar om dette.

Gjestfriheit og representasjon høyrer med i samarbeidsforhold og informasjonsutveksling. Graden av slik merksemd må likevel ikkje utviklast slik at den påverkar avgjerdsprosessen, eller kan gi andre grunn til å tru det. Aktsemd bør skjerpast i forhold til part i sak som er til handsaming i kommunen og næraste leiar skal alltid vere informert om representasjon og tilbod om representasjon.

5. Innkjøp, innkjøpsprosedyrar

Tilsette i Sykkylven kommune som kjøper varer og tenester på vegne av kommunen pliktar å sette seg grundig inn i og etterleve lov og forskrift om offentlege anskaffingar,

og skal til ei kvar tid halde seg til gjeldande innkjøpsinstruksar og inngåtte innkjøpsavtalar.

Folkevalde og tilsette skal ikkje nytte seg av kommunale innkjøps- og rabattordningar til privat bruk. Tilsette i kommunen kan ikkje levere varer og tenester til verksemd der dei sjølve er tilsett. Det skal heller ikkje kjøpast inn privat frå leverandørar som den tilsette har kontakt med som representant for kommunen der dette kan skape tvil som samanblanding av private og offentlege midlar.

6. Bruk av kommunen sitt utstyr og egedelar

Det er ikkje tillat å låne/ leige kommunale køyretøy, maskiner, utstyr, egedelar og lokale til privat bruk.

Unntak: Det vert gitt løyve til utleige av lokale til konfirmasjonar og til private lag og organisasjonar. Pris vert fastsett av eininga.

7. Konflikt mellom kommunen sine interesser og private interesser

Dersom personlege interesser kan påverke avgjersla i ei sak som ein har fagleg ansvar for eller deltek i handsaminga av, skal ein ta dette opp med overordna.

Døme på slike moglege interessekonfliktar kan vere:

- Forretningsmessige tilhøve til tidlegare arbeidsgjevar eller arbeidskollegaer.
- Bierverv som kan påverke arbeid i kommunen.
- Personlege interesser som kan føre til at vedkommande medarbeidar kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i forhold til kommune si verksemd.
- Familiære og andre nære sosiale forbindelsar.

8. Behandling av fortrulege opplysningar

Fortrulege opplysningar som vert mottatt i samband med handsaming av saker i kommunen må respekterast og ikkje meddelast andre som ikkje har krav på opplysningar i medhald av Forvaltningslova eller Offentleglova. Opplysningane må heller ikkje brukast til personleg vinning. All informasjon som vert gitt i samband med kommunen si verksemd, skal vere korrekt og påliteleg og ikkje med fomål å gi tvitydig formulering.

9. Varsling av kritikkverdige forhold

Alle folkevalde og tilsette har eit sjølvstendig ansvar for å varsle om tilhøve som ikkje er i samsvar med lover, reglar og/eller dei etiske retningslinene der dette ikkje er i strid mot anna lovgjevnad.

Alle er ansvarlege for å vurdere omsynet til lojalitet før uttale blir gitt. Slike saker skal først meldast gjennom intern rapportering. Det vert vist til kommunen si rutine for varsling.

10. Sakshandsaming og oppfølging

Er ein folkevald eller tilsett i tvil om ein held seg innanfor kommunen sine etiske retningslinjer, skal dette alltid avklarast med ordførar/ næraste leiar. Kritikkverdige saker skal alltid søkast løyst via tenesteveg, gjennom arbeidstakarorganisasjonane eller til ein offentlig kontroll - eller tilsynsmyndigheit før ein går ut til ålmenta.

Leiarar på alle nivå har ansvar for å gjere desse retningslinene kjent for sine medarbeidarar og sjå til at dei blir følgt. Leiarar skal vere bevisst på at dei gjennom eigen leiarstil og praksis skal vere eit godt forbilete. Leiarane skal minst ein gang i året gjennomgå dei etiske retningslinene med sine tilsette.

Leiarar skal alltid rapportere brot på dei etiske retningslinene tenesteveg.

11. Sanksjonar

Uetiske handlingar og tenesteforsømming kan føre til tenestemessig reaksjon. Slike handlingar kan vere av ein slik karakter at dei fører til tiltak etter Arbeidsmiljølova, eller eventuell påtale og straffereaksjonar etter Straffelova. Klare brot på reglane i lovverket vil gjerne også vere brot på dei etiske retningslinene.